




Anna Olava

Diagram:



NB! Kantmaskane er ikkje med i diagrammet!

- ☐ = Rett på retta, vrang på vranga
- ☒ = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd r saman
- ☒ = 2 rett saman
- ☐ = Kast
- ☒ = Vrang på retta, rett på vranga
- ☒ = Løft 1 m av, 2 rett saman, løft den første over

Når diagrammet er ferdig, kan du forhåpentligvis mønsteret utenat, og du berre fortsetter å strikke til du er nesten tom for garn.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med #annaolava og @hettestrikk om du vil. Lykke til♥

Elisabeth



Garn:

100 gr HS Angel, HS Soft Sock eller HS Silver Sock

Du kan også strikke det stort med både 200 og 300 gr garn

Eller noko restegarn

Pinne:

4 mm ish

Strikkefastheit:

18 m pr 10 cm ferdig blokka. Berre strekk det ut medan du strikkar for å måle

Dette sjalet har eg laga slik at uansett kor mykje garn du har så har du nok. Det er perfekt til å bruke opp ein einslig garnskatt med 100 gram handfarga garn, eller du bruker opp nokre restar du ikkje veit kva du skulle bruke til.

Du startar bak i nakken. På sidene har du ein liten icord på 2 m, 1 glattstrikk maske og eit kast som du aukar i. I-cord kanten på sidene er strikka 2 gonger for at kanten skal verte elastisk.

I midten er eit fint strukturmønster som er enkelt å strikke både på retta og vranga.

Tanken er at dette skal vere eit enkelt lite veskestrikk/sosialstrikk der du slepp å tenke så mykje. Mønsteret lærer du deg raskt.

Forkortingar:

FB	= Strikk framme og bake i same maske = 1 m aukt
r	= rett
vr	= vrang
RS	= rettsida
VS	= vrangsida

Starten:

Legg opp 9 masker.

- Rad 1 (VS): 3 vr, kast, 3 vr, kast, 1 vr, løft av 2 m som dei skulle strikkast vrang med garnet framfor arbeidet = 11 masker. Snu.
- Rad 2 (RS): 3 r, auk FB i dei neste 4 maskane, 2 r, løft av 2 m som dei skulle strikkast vrang med garnet bak arbeidet = 15 masker. Snu.
- Rad 3 (VS): 3 vr, sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei 3 vr ein gong til, kast, strikk vrang til det står igjen 3 m, 1 kast, 1 vr, løft av 2 m som dei skulle strikkast vrang med garnet framfor arbeidet = 17 masker. Snu.
- Rad 4 (RS): 3 r, sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei 3 r ein gong til, auk FB i kastet, strikk rett til det står igjen 4 m, auk FB i kastet, 1 r, løft av 2 m som dei skulle strikkast vrang med garnet bak arbeidet = 19 masker. Snu.

Blondemønster:

Fortsett å strikke I-cord kanter, kast og auking, men no skal du fylle midtmaskane med blondemønster. Start å strikke etter diagrammet på siste side. Partalsomganger er rettsida. Fyll på med blondemønster etterkvart som du får fleire masker i sidene.

- Rad 5 (VS): 3 vr, sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei 3 vr ein gong til (husk garnet framfor arbeidet), kast, strikk etter diagrammet til det står igjen 3 m, 1 kast, 1 vr, løft av 2 m som dei skulle strikkast vrang med garnet framfor arbeidet = 21 masker. Snu.
- Rad 6 (RS): 3 r, sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei 3 r ein gong til (husk garnet bak arbeidet), auk FB i kastet, strikk etter diagrammet til det står igjen 4 m, auk FB i kastet, 1 r, løft av 2 m som dei skulle strikkast vrang med garnet bak arbeidet = 23 masker. Snu.

Gjenta rad 5 og 6 til du er nesten er tom for garn, til du syns sjalet er stort nok, eller til du er lei 😊

Når du har fullført diagrammet, fortsetter du på samme måte med I-cord, auking og å fylle på mønster på sidene.


Picotavfelling:

For å vere sikker på at du har nok garn til å felle av med, tell kor mange masker du har på pinnane, snurr garnet dobbelt så mange ganger rundt pinnen og legg på litt ekstra.

Strikk 1 m i første m utan å ta den av venstre pinne. Sett den nye m over på venstre pinne. Strikk 1 m i den nye m og sett også den tilbake på venstre pinne. Strikk 2 r. Løft den høgre m over den venstre. Strikk 1 r, løft den høgre m over den venstre = 1 Picot.

Strikk *1 picot, Fell 4 m ved å strikke 1 m og løfte den høgre m over den venstre* Gjenta *-* til alle masker er felte. Fell laust av! Evt. gå opp ein halv pinnestrørrelse

Eit ekstra stort diagram om du treng:



NB! Kantmaskane er ikkje med i diagrammet!